

Audreaskopet

Lægerundtvingen 5 D

Bygdeboknemnda.

Abelso.

Bygdeboknemnda har ansveret for at ~~bygdeboka~~ kjem i stand og at arbeidet med boka får så gode vilkår som mogeleg. Ho må då syta for at det økonomiske grunnlaget for arbeidet er i orde og at pengane vert nytta på beste måten.

Nemnda mør vera samansett slik at ho har sosialt tyngd og autoritet. Dette gjeld serleg dersom nemnda er liten. Dersom ein vil ha ei relativt stor nemnd, bør ein syta for at dei ulike interessene andsynes bygdeboka får målsmenn i nemnda. Det vert då representantar der for "pengemakta" (kommunen, banken, sterre maringssamkipnader, lag og institusjonar, alt etter korleis finansieringa er lagt opp), lokalhistorikarane og den historisk interesserte ålmenta, skulen og det friviljuge ^{folke} opplysningsarbeidet. Det ~~kan~~ kan også i ymse have vera formålstenleg å ta omsyn til dei ulike samfunnsgruppene i bygda, t.d. om det i ei gamal rein bondebygd er innsprengt sterke grupper av industriarbeidarar, fiskarar og fangfolk eller likande. Nemnda vil då lett verta stor, endå om det ofte er mogeleg å få la ein og same mann representera fleire av desse ulike ~~interessene~~ interesser som er nemnt ovenfor. T.d. kan ein lærar som har vore mykje med i ungdomslagsarbeid i bygda, godt vera målsmann både for skulen og det friviljuge folkeopplysningsarbeidet. Dersom ungdomslaget står for innsamlinger til bygdebokarbeidet, kan han gjennom det verta målsmann for "pengemakta" og.

Dersom ein vrakar å få med målsmenn for flest mogelege interesser eller det let seg gjera å "slå saman" interessene, kan ein få ei lite nemnd på 3-6 mann.

Vert nemnda på 8-12 mann, bør ho kleva seg i eit arbeidsutval og eit finansutval. Formannen i arbeidsutvalet

Tog har gort skjøn
på det

bør vera ein aktiv ~~ukk~~ lokalhistorikar eller i allfall ein mann som ~~ukk~~ er sterkt interessert i dette arbeidet. Han er medlem av finansutvalet og formann for heile nemnda, om han høver til det. I tilfelle han ikkje høver, bør formannen i finansutvalet vera formann i nemnda.

+17

Økonomisk bør bygdeboknemnda ikkje leva frå hand til munn. Dersom ho skal få organisert innsamlinga og utarbeidinga rasjonelt og effektivt, må pengetilhøva vera greie. Ho bør difor ha faste årlege løyvingar frå kommunen. Dersom andre enn kommunen er med på finansieringa, bør det i allfall banken og store næringsverksemder og kunna gi løyvingar som i allfall er så nokolunde like store kvart år. Noko annleis vil det vel ofte stella seg med mindre pengesterke verksemder, institusjonar og organisasjonar, som ~~med~~ oftast gir ein pengesum ein gong for alltid. - Pengane som kjem inn til bygdebokarbeidet, bør setjast på serskildt bankkonto til fritt rådvelde for nemnda.

+18

Det må frå første stund vera heilt klårt kva kompetanse nemnda har. Ho bør vera mest mogeleg fri og ubunden. I dei fleste tilfelle vil det likevel vera mogeleg å slå fast på førehand kor stor boka skal vera, dvs. kor mange band ein skal gi ut og kor mange sider (på nærmeste hundrad) det skal vera i kvart band. Kommune, bank og andre større finansierings-institusjonar har rettkome krav på å få ta stede til ei motivert utgreiing frå nemnda om dette. Likeins kan dei ha rettkome krav på å få ta stede til alternativ innstilling frå nemnda om prentingsvilkår og salgs-vilkår. Men nemnde står heilt fritt når det gjeld å organisera innsamlingsarbeidet. Kommune, bank og andre institusjonar som har målsmenn i nemnda kan heller ikkje ta avgjerd om den indre planen for boka; men nemnda kan ha gagn av å senda dei rapport om arbeidet, t.d. ein gong om året.

Gjerdvin 1800 innb.
Strykn. På eftir
gitt gjennom nesten
helseporten av dei som
er heilt nautbygt.

Grafsk arbetsområde.

Kor stort geografisk arbetsområde skal nevnda ha, det vil seia kor stort område skal bygdeboka gjelda for?

Dei første moderne bygdebøkene var lagt opp ~~ikkjekjempe~~ slik at den første luten av verket gav den ålmenne soga for eit sterre distrikt og siste luten gav meir spesielle soger for kvar einskild bygd innan distriktet. (jf. dr. philos. Lars Reintons foredrag) Ein slik plan krev samarbeid ~~med~~ fleire bygder imellom om bygdebokarbeidet, anten slik at dei einskilde ~~byggde~~ bygdene er representert i ei sams bygdeboknernd eller slik at dei einskilde bygdeboknerndene organiserer eit samarbeid.

Det viste seg å vera vanskeleg å få sett dei første store planane ut i livet. Viktigaste grunnen til dette var at heile verket skulle vere eit einmanns-arbeid, men det er også andre vanskar vinna over om ein slik plan skal føra til eit fullgodt resultat. Lokalpatriotismen vil lett skape vanskar - mindre og yngre bygder vil gjerne kjenna seg som "underbruk" under større og eldre bygder. Det kan også vera vanskeleg å gi det sams bandet ein indre plan som alle er nøgd med. Dessutan set ~~ikkj~~ eit slikt samarbeid ganske store krav til organisasjon.

Nå kan vi vel verta samde om at bygdebøkene i nyare tid ofte gjeld for eit altfor lite distrikt. Bygder som enda i dag er eitt, både økonomisk og kulturelt, har fått kvar sine bygdebøker fordi dei er delt i to eller fleire herad, og det endå om denne ~~leyvinga~~ er relativt ung.

Vet er ikkje lite å vinna ~~med~~ å ta eit lite område til emne for bygdeboka. Ein får færre detaljer å arbeida med, og skildringa kan verta meir intim og livsnær. Men det kan ofte vera vanskeleg å få sett ~~ein~~ bygda i rett relief fordi ein då må sprengja råma for bygdeboka ved å dra inn

altfor mykje både åv distriktet og heile landet. Det vert lettare å ~~ikkje~~ byggja opp ein bakgrunn for den einskilde bygda i ei distriktsøge der ein samstundes kan samanlikna dei einskilde bygdene innanfor distriktet og setja distriktet opp mot ~~innandet~~ andre distrikt.

Det er òg svært mange ~~mykkjekk~~ historiske ovringar som gjeld for eit sterre område. Skifte i marings- og kulturliv var sjeldan sermerkt bare for ei einskild bygd. Skattekjipnad og verdsleg ~~mykkjekk~~ styringsskikk var sams for futedømet, rettsskipnad for skrivardømet og kyrkjeleg skipnad for prestegjeldet. Alle administrasjonsområdet var altså ikke like store, men av praktiske grunnar må ein likevel stort sett halda seg til same området gjennom sterre delar av framstellinga. Då blir det gjerne skrivar- eller futedømet som ligg best til rette, m.a. fordi mykje av kjelde-tilfanget til noko eldre tid knyter seg til skrivar- og futeenbetet. - Etter 1837 er så mange av dei historiske ovringane som byggjer opp bygdesoga, knytt til heradet at det vert naturleg å skilja ut det som ~~er~~ er sers for det einskilde heradet i ~~des~~ einskilde heradssoger. Desse kan òg fortelja meir utførleg om ting som bare kunne takast summarisk i distriktsøga, t.d. personalia og prestar, kapellhanar, klokkarar, lærarar og lensmenn i eldre tid, den detaljerte utgreiinga om ~~mykkjekk~~ skule-, fatig- og forlikskommisjonar og om kyrkjebygningar, skulehus og tingstover, soga om sokneselskap o.l. i den mun det ikkje er funne rom for dette i distriktsøga. Distriktsøga held fram etter 1837 med ~~den~~ skildring av dei ålmenne draga i den økonomiske og kulturfelle utviklinga og kan slutta med ein økonomisk-geografisk analyse av tilhøva innan distriktet i dag.

På denne måten kan ein få ei bygdebok som ikkje skil det som bør vera samanbinda og som samstundes ~~mykkjekk~~ gir kvart herad det som bygdefolket der ynskjer og

Ísoknaboksaunliga

har krav på.

17 Dersom det ikkje let seg gjere å få til eit samarbeid om utarbeidinga av eit bygdebokverk som stort sett fylgjer planen ovanfor, bør ein i alle tilfelle gjera det ein kan for å få til eit samarbeid om stoffsamlinga. Det har praktiske føremuner som vi skal koma attende til under bolken om stoffsamlinga.

+17 Dersom eit slikt samarbeid skal lukeast, må dei ymse nemndene skaffa seg eit samarbeidsorgan. Det er og om å gjera å få gjort det klårt for "pengemakta" i dei einskilde bygdene at dette samarbeidet er sers viktig, derfor bør ein driva agitasjon for saka i heradstyre og andre institusjonar. Dette gjer ein sikkert best gjennom foredrag.

Stoffsamlinga.

Dr. philos. Lars Einton og lektor Trygve Lysaker har gitt oversyn over dei viktigaste kjeldene til bygdeboka. Listene deira er ikkje fullstendige, - ingen kan rekna opp alle dei kjelder ein lokalhistorikar kan auss or - men dei er så utførlege at det ikkje er grunn til å kome med noko supplering her.

Vi skal heller ta for oss eit spørsmål som er like viktig: Korleis skal bygdeboknemnda på beste måten få tak i alt det tilfanget som ligg gjemt i og utanfor bygda. Arbeidsmåten vert ulik for dei ymse grupper av kjelder.

Ex 1. Det som det høstar mest ned, er å samla dei opplysningane ein kan få ved synfaring av gardane og ved å spørja ut gamle folk. Det gjeld å kartleggja naturvilkår og busetnad før og nå, registrera gamle hus, ting, bilette, stadnamn og andre nemningar og få vita mest mogeleg om garden, gardsfolket, gardsarbeidet og dei ymse sider av bygdelivet i gammal tid. Dette arbeidet har ein ofte freista få gjort ved

å arbeide ut spørjelister som vert sendt rundt på gardane, men eg trur eg må ha rett til å seia at ~~XXIX~~ resultatet oftast har vore heller magert. Det er vanskeleg å få sett opp ei spørjeliste som tar med alt en burde ha med, og om ein likevel greier det, så er det svært mange av bygdefolket som ikkje har føresetnad eller interesse for å svara til-ffedsstillande på spørsmåla.

Dersom ein vil eller må få arbeidet gjort billeg, kan ein dela det mellom fleire "grendemenn" som ~~hav~~ går ikring i ein så liten krins at dei kan få arbeidet gjort på fri-tida. Men det vil alltid visa seg at nokre av "grendemannene" svikter, og i alle høve vert resultatet ujamnt. Best resultat vil ein i regelen få om ein overlet arbeidet til ein interessert og kunnig samlar som då må få godtgjerdslle for taapt arbeidsforteneste.

Ved ein slik arbeidsmåte kan ein med godt resultat nytta spørjelister som innsamlarane (-en) skal spørja etter, omlag som ei huggseliste. Ein har då plan over arbeidet og trygd for at alle gardane vert handsama likt. Det har også mykje å seia at innsamlarane ("en") har med seg materiale som kan orientera dei/han noko om den garden dei skal granskha og som kan friska opp minnet om folk og bustader som nå er borte. Til ~~xx~~ eit slikt materiale hører utskiftnings-kart, gamle markegangsforretninger, dokument frå eldre syn-faringar, eldre og nå gjeldande matriklar, utskrift ug av grunnbok og kyrkjebok 100-150 år bakover og folketeljingane 1865 og 1875. Desse opplysningane kan ein skriva opp på lausark for kvart gardsnummer og samla dei i ringperm. Ein bygdesamlar som har alt dette materialet med seg, er svært vel utstyrt. For å skaffa det må det arkivgransking til.

2. Arkivtilfanget i byrda er både offentleg og privat.

Bonnda må først og fremst skaffa seg oversyn over det som finnst av arkivsaker; den eller dei som seinare skal arbeide

ut boka, kan så ~~einann~~ finna fram ~~ikk~~ kvar til sitt og skriva av det dei treng. Dersom næmnda nyttar ein kunnig mann til å samla dei opplysningane som er nemnde under 1, vil det vera naturleg ~~at~~ å be han registrera dei gardsarkiva som han kjem over samstundes. Han kan sjølsagt også få til oppgåve å leita fram og registrera arkivkjelder i bygda som ein ikkje finn fram til ved gardsregistrering. - Dersom innsamlingsarbeidet på gardane vert gjort av ~~g~~ "grendemenn", kan ein ikkje vente å få detaljregistrering av gardsarkiva, for å greie det må ein ~~ha~~ kunna lesa gotisk skrift, men ein kan få vite kva gardar som har gardsarkiv.

Fra Riksarkivaren er det gått ut rundeskriv til kommunane om å setja ned arkivnemnder til å skipa kommunearkiv som helst skal gi rom for viktige private arkiv også. Det skulle liggja nær for bygdeboknemnda å stø dette arbeidet, eventuelt ta det på seg. Riksarkivaren har også sendt ut ei prenta rettleiing om ~~xxxxxx~~ innsamling av arkivsaker og om innreiing og ordning av kommunearkiv.

Gjennom Den norske historiske forening er det også etter privat initiativ nedsett ein kommisjon som skal ta ~~seg~~ av private arkiv i landet. I kommisjonen er det mālmenn for institusjonar og organisasjonar som har interesse for eit slikt arbeid, m.a. Landslaget for Bygde- og byhistorie. Kommissjoen er ikkje kommen i gang med arbeidet, men det er å venta at den gjennom kommunen eller beinveges vil søkja kontakt med arkiv- eller bygdeboknemnder i dei herad der det er slike. Det skulle liggje nær for bygdeboknemnda å stø dette arbeidet også, eventuelt ta det på seg om det ikkje finnst arkivnemnd i bygda.

3. Det neste av arkivtilfæget utenfor byrda er samla i riksarkiv og statsarkiv eller Statsarkivkontor. Noko er også å finna i offentlege eller halvoffentlege institusjonar som Norsk Historisk Kjeldeskrift-Institutt, Statistisk

Sentralbyrå. Norges Brannkasse, Selskapet for Norges Vel
o.s.

Frå innsamlarsynsstad kan vi gruppera dette tilfanget i 3 grupper.

a. Ikkje lite arkivtilfang kan profesjonelle avskrivrarar skriva av etter sjenerell instruks. Det gjeld skattemann-tal og jordebøker, folke-, ~~letter-~~ ^{krølu} og jordbrukssteljingar, Grunnbok, kyrkjebok, skifteprotokoller o.s.a.

b. Mykje anna arkivtilfang kan profesjonelle avskrivrarar skriva av etter detaljert instruks. Dette gjeld serleg alt brevskiftmaterialet. Ein kunnig mann bør gå gjennom dei ymse kjeldeseriane og notera dei brev eller utdrag av brev som skal skrivast av. Avskrivaren skriv så av etter denne lista.

c. Ei viktig kjelde, tingboka, bør forfattaren gå gjennom sjølv og ~~xxxxxxxxxx~~ skriva av det han meiner han treng. Tingboka er ei uvanleg rik kjelde som gir opplysningar om mest alle sider av samfunnslivet. Men det må gjerast eit utval i stoffmengda, og prinsippet for utveljinga er bunde svært nært til den indre planen for bygdeboka. ~~xxxxxxxxxx~~ ~~xxxxxxxxxxxxx~~ Tingboka gir opplysningar som er umåteleg verduffe i ein samanheng eller for ein forfattar men som kan vera heilt verdlause i ein annan samanheng eller for ein annan forfattar. Difor er det svært viktig at forfattaren sjelva går gjennom ~~xxxx~~ og at den indre planen for bygdeboka er klar når dette vert gjort.

→ ~~xxxxxxxxxxxx~~ Dersom tilfanget fra a og b skal nyttast av folk som kan lese gobisk skrift, vil fotostatering eller mikrofilm gje same nytten som avskrift. Det fell dessutan billeggare og ein har trygd for at det ikkje kjem

F (Hr. dr. philos
Lars Reinertsen)

inn avskrivarfeil.

+1 > * Somt av det tilfanget som kjem inn under a og b kan ein gjekk vaka dersom økonomien gjer det nedsynt.
Av skattemanntala som kjem att frå år til år, kan ein t.d. ta eit kvart tridje år, i kyrkjeboka kan ein ta med bare hovudpersonane, ikkje fadrar og andre vitne. I skifteprotokollane kan ein og skjera bort ymse grupper av opplysningar, men ein vil då ofte missa mykje verdfullt tilfang. Det kan og henda at ein må vraka heile kjeldeseriar, serleg av brevskifte materialet, eller bare ta kopiboka til dei ytre embetsmenn og la journal og pakkesaker liggja. Eit slitt utval bør ein ikkje gjera utan ein er heilt nøydd til det og då i samråd med kunnige folk som veit kva ein kunne venta å finna i dei kjeldeseriane ein vrakar.

+1 > Fleire av dei kjeldeseriane som fell inn under a og b gjeld for distrikt som er sterre/enn heradet. Dersom fleire kommunar i same stokket emnar på ei bygdebøker samstundes, ville dei spara mykje tid og pengar og vinna over mykje meir om dei gjekk saman om innsamlingsafbeidet. Sterst ville vinninga vera om dei gjekk saman om det tilfanget som er nemnt under b. I kopibok og journal er breva ført inn i den orden dei gjekk ut frå eller inn til vedkomande embetsmann eller institusjon, og i dokumentpakkane er ordninga oftast kronologisk, dersom det er nokon orden då. Den som skal leita etter tilfang til soga om ei einskild bygd, må difor leite gjennom heile protokollen eller pakken. Når kvar einskild bygd skal gjera dette, vert det mykje dobbelarbeid. Nykje ville vera unne om dei kunne gå saman om den registreringa som skal vera instruks for avskrivarane.

Ein flokk byhistorikrar gjekk for ei tid siden om å registrera for kvarandre fleire av dei store maktene

sentraladministrative arkiva. Det viste seg å vera umåteleg nyttig. Det er nå i gang ei slik sams registrering av slike arkiv for 30-40 til dels store Austlands-kommunar, og det syner seg at når så mange går saman, vert kostnaden for kvar einskild svært rimelig etter den nytten dei har av det.

Utarbeidingsa (jfr. dr. philos. Lars "eintons foredrag),

Det er bygdeboknerndas som avgjer forfatterspersmålet for bygdeboka og kva prinsipp boka skal verta utarbeidd etter.

Mange bygdebøker har kome i stand ved at det har vore ~~fleire~~ med om både stoffinnsamlinga og utarbeidingsa. Forfattarane har delt dei ulike historiske epokane eller dei ymse sider av samfunnslivet mellom seg. Mange av dei bygdebøkene son er resultat av eit slikt fleirmanns-arbeid, er vortne noko mislukka fordi dei ymse delene av bygdesogga fell frå kvarandre i spesialartiklar utan ~~honor~~ naturleg samanheng. I mange tilfelle ~~kan~~ ein god og myndig redaktør berga mykje av den einskapen ei bygdebok bør ha, men det er likevel sverande vanskleg å få eit fullgoda resultat.

Andre bygdebøker er frå første til siste bokstav skrivne av ein og same mannen. I nokre tilfelle kan han ha fått hjelp til stoffinnsamlinga, men i mange tilfelle har han hatt den og alleine. Boka vil då stå eller falla med forfattaren. Dei beste av desse bygdebøkene merkjer seg ut med ein sterk indre samanheng og einskap og djup innleiving i ~~unntak~~ emnet. Til denne tid har desse forfattararane vore smaterar i den opphavlege og rettemerkning av ordet. Dei har arbeidd ut boka på fritida og ~~ha~~ har difor ~~unntak~~ ofte streva med henne heile livet.

I den seinare tid har ~~dei~~ ein tatt til å nytta den historiske fagkunna i det lokalhistoriske arbeidet. Det

er nå ein heil flokk universittsopplærde historikarar i gang med å skriva by- eller bygdebøker. Nokre lokalhistoriske verk av slike forfattarar er komne ut og har vorte vel mottat både av fagfolk og vanlege lesearar. Men i dei tilfelle då forfattaren ikkje sjølv er fra den staden han skriv om, kan det i gleda hos by- eller bygdefolket stundom blanda seg ei noko beisk kjensle av at boka ikkje heilt ut er deira eiga.

Dasutan kan ei slik bok vertha heller dyr; fagmannen må ha len ~~fan~~ som svarar til den len han elles ville ha fått. Mindre bygder har difor ofte ikkje råd til å gi arbeidet til ein slik mann endå om dei kunne ha hug til det, ~~det~~ eller dei kvier seg for det ~~st~~.

bør

Noko faghjelp ~~mk~~ bygdeboknemnda likevel ha for å sikra seg at boka ikkje vert uheil og at det ikkje kjem inn altfor mange ~~fan~~ mistak. Spesialisthjelpe er turvande til innleiingskapitlet om topografi og geologi, serleg til geologien dersom det ikkje finnst utførlege førearbeid (geologiske gradteigskart med skildring til). Til skildringa ^{og ~~fan~~ mellomalderen} av den førhistoriske tidbolken ~~mk~~ trengst det også spesialisthjelp. ~~fan~~ den førhistoriske tida, vert det tale om hjelp frå arkeologar og stadnamngrenskarar. Når det gjeld bygdesoga, byd mellomalderen og den eldste danske tida også på mange serlege vanskar. Skal ein meistra dei fullt ut, greier ein seg jamvel ikkje alltid med den vanlege universitetsopplæringa; ein bør helst ha spesialisert seg ein grann på gamle jordeigedomstilhøve og andre viktige ovringer i desse tidbolkane.

Slik spesialisthjelp kan ofte kjennest dyr for ei lita bygd der bygdeboknemnda må snu på skillingen. Ved å gå saman om spesialisthjelpe med andre bygder ~~kan~~ nemnda koma munaleg billegare til det.

For spesialisten vil det ofte ikkje vera nemnde meirar-

beid om han tar eit større distrikt ~~ikkje~~ i staden for ei lita bygd, og mykje ville difor vera vunne om ein kunne knyta spesialisten til ei distriktsøge.

Dei einskilde, meire detaljerte bygdeskildringane for tida etter 1837 byd ikkje på historiske problem som krev serlege føresetnader. Den intime kjennskapen til bygdelivet i dag og i går som ein bygdemann har, torer vera den mest turvande føresetnaden for forfattaren. Sunnt vett og evne til å skriva lett og skjøneleg hjem sjølv sagt og vel med.

Førstehands lokalkunnskap vil og vera ein viktig føresetnad for den eller ~~du~~ som skal skriva "gards" og grøndesøga. Men tilfanget til den eldre lutten av gardssøga (mellomalder og nyare tid fram til omlag 1660) ber vorta legt tilrette ~~av~~ ein fagmann, og det må setjast opp ein plan og disposisjon for dei einskilde gardssøogene. Når dette er gjort, byd ikkje gardssøga på serlege vænskar.

Attessøga byd heller ikkje på problem som krev serlege føresetnader, og ein byggemann med interesse og noko trening vil makta den bra. (jfr. dr. philos. Lars "eintons foredrag

Etter dette skulle ein kunna løysa forfatterspørsmålet på denne måten for eit bygdebokverk med ei distriktsøge og einskilde bygdeskildringar:

I. Distrikts- og bygdesøge.

1. Topografisk-geologisk innleiing. Fa-folk legg til rette materiælet for dei geologiske tilhøva, klima, flora og fauna. Forfattaren av distriktsøge og forfattarane av dei einskilde bygdesøogene nyttar så dette som grunnlag for sine skildringar.

2. Distriktsøre. Alt. A. Bygdeboknandens leiger ein historikar med ^{dei} serlege føresetnader som trengt for å løysa dei vænskelege historiske problema i mellomaldersøga. Han

vil også ha gode føresetnader for å fera distriktsøga heilt fram til i dag, men han må få hjelp av ein arkeolog og ein stadnamngranskare når det gjeld den førhistoriske tida. Dersom ein vil at distriktsøga skal slutta med ein økonomisk-geografisk analyse av distrikktet i dag, må forfattaren få hjelp til det ~~med~~ av ein geograf.

Alt. b. Distriktsøga vert delt på to forfattarar slik at den som er nemnt i alt. A skriv fram til om lag 1660 og ein annan frå ~~denne~~ om lag 1660 til i dag.

3. Bygdesøga etter 1857. Ein forfattar frå bygda (eller fleire om det er turvande). Han får overlatt det materialet han treng til detaljskildring av embetsmenn, ombod og institusjonar som var særskilt for bygda i eldre tid.

II. Gards- og grændesøga. Ein eller fleire forfattarar frå kvar bygd. Dei får hjelp av forfattaren av distriktsøga (ev. første luten av den) for den eldre tida.

III. Ettesøga. Ein forfattar frå kvar bygd eller ein sams for heile distriktet eller deler av det. Dersom ein vil kombinera gards- og ettesøga, vert det her tale om å setja opp etteoversyn som forfattarane av gards- og grændesøga får ~~med~~ til arbeidsmateriale.

Det er ein føremun at forfattarane også har vore knytt til innsamlingsarbeidet. Det ville difor vera ~~enig~~ bra om forfattaren av distriktsøga står for innsamlinga av tilfang i Riks- og Statsarkiv (ev. slik at forfattaren av første luten står for innsamlinga i Riksarkivet og forfattaren av siste luten står for innsamlinga i Statsarkivet). Forfattaren av bygdesøga står for gjennomgåinga av bygdearkiva, forfattarane av gardssøga ~~med~~ samlar inn opplysninga på gerdane og dei (den) som skal skriva ettesøga, kan verta sett til å arbeida med kyrkjebøker, skifteprotokoller og anna tilfang i Statsarkivet som er viktig for ettesøga.

11 >

Når så mange skal arbeida med luter av same verket, seier det seg sjølv at det må vera eit nært og godt samarbeid mellom dei. Range av forfattarane vil nok sjølv kjenna trong til å hældeseg i kontakt med dei som arbeider med nærliggjande ~~prosjektm~~ område, men det er bygdeboknemndene og distriktsnemndene som må ha ansvaret for samordninga. Skal apparatet ikke verta for tungvint, bør samordninga vera ei oppgåve ~~fors~~ som serleg ligg på nemndformennene i kvar bygd og på formannen eller sekretærer i sammensetninga når det gjeld distrikts-soga.

Ikkje noko manuskript bør reknast for ferdig før forfattaren har sett dei arbeid av andre forfattarar som ligg hans eige næraast i tid eller emne. Det vil då ofte henda at den eine forfattaren må vente på den andre før han gjer seg fullt ferdig. I nokre tilfelle vil ein forfattar ha bruk for å kjenna dei synsmåtane ein annan forfattar kjem fram til når det gjeld linene og samanhengen i det historiske livet; slik vil det t.d. vera med forfattaren av I,3 i høve til forfattaren av I,2 (ev. siste luten av denne). Men slike opplysningar vil ein kunna få lenge før den andre har lagt siste hand på verket. Er det derimot så at den eine treng kjennskap til store delar av detaljstoffet hos den andre til grunnlag for oversynsskildringar, då må den siste helst ha manuskriptet sitt ferdig før den første. Noko av det same kan gjelda i tilhøve mellom ~~skildringar~~ skildringar frå nyare tid med rikt og trygt tilfang og etterkjijigar i eldre tid med sparsame og mindre trygge ~~k~~ kjelder: her kan den som arbeider med det siste ha nytte av at den første vert ferdig først. Ut frå dette kan ein setja opp denne rekjkjefylgia mellom manuskripta når det gjeld tida dei bør vera ferdige:

1. Ettesoga.
2. Gards- og grendesoga.
3. Topografisk-geologisk innleiing til bygde- og distrikts-soga.
4. Bygdesoga

etter 1837 med eldre detaljskildringar. Distriktsøga 1660.

6. Distriktsøga fram til 1100 (der fornfunn og stednamn gir eit tolleg trygt grunnlag for det vesle ein kan få vita).
7. Distriktsøga 1100-1660 (med skriftlege kjelder som gjer ei breiare skilring mogeleg, men bare når ein har trygt tolkingsgrunnlag både frå eldre og nyare tid).

Kor stor plass kvar forfattar skal få i bokverket bør ein ikkje ~~ikkje~~ slå altfor fast på førehand. Kor stort rom ~~ikkje~~ øttesøga eller øtteoversyna ~~trengt~~ krev, heng nøyse saman med kor mykje ~~ikke~~ fast folk det har vore i kvar bygd fram gjennom tidene, og kor langt attende i tida granskaranne kan nå. Storleiken på Gårdssogebolken kan tøyast oversig mykje i både etter kor mykje ein tek med; men her ~~ikkje~~ har ein ikkje anna å gjera enn å slå fast kva slag stoff som skal med og så la forfattarane få den plass dei treng når dei er til det ytterste økonometiske med språkføringa.

Kostnaden.

1. Innsamlinga. Ut frå kostnadsynspunkt felle stoffsamlinga i tre grupper. Först har vi dei rekkjene i Riks- og Statsarkiv eller Statsarkivkontor (for nyasbe tid prestes- og skrivarkontor) som kvar for seg bare inneheld lokalt stoff aveit visst slag eller som er så greitt ordna at ein finn fram til det ein søker ~~utan~~ utan nemnande leiting. Her er det igrunnen bare avskrivinga som kostar, så utgittene står heilt i samsvar med den stoffmengda ein tar ut. Kostnaden kan då regulerast ved at ein på førehand gjer eit utval, sjå ovanfor s. 9. Dette utvalet ligg det stor vekt på, for desse arkivrekkjene gir sjølve beingrinda i heile bygdebokverket: alle dei namna, tala og sericopplysningane som må liggja til grunn for ei heilsleg og pålitande his-

torisk framstilling. Utvalet får difor store konsekvensar både for verdet av bygdebokverket og for dimensjoneringa av det og dermed for utgiftene til utarbeiding og prenting.

Ei anna gruppe er dei arkivrekjkjene som har eit så skiftande innhald at ein ikkje godt kan vita akkurat kva ein vil finne der. Her kan eit fast førehandsutval gjera at ein går glipp av mykje svært ~~verdfullt~~ stoff, og dessutan sparer ein ikkje så mykje ved det fordi ein må bla og lesa gjennom ~~det~~ mest alt saman likevel. Utvalet må difor gjerast etter noko andre prinsipp her (sjå ovenfor s. 9). - Dei store landsomfatnde seriane nytter det ikkje å gi seg i kast med utan ein har godt med pengar eller kan få samarbeid med svært mange andre.

Til sist har vi det syns-, minne- og tradisjonsmaterialet som ein kan finna kringom på gardane. Det er deh luten av stoffsamlinga som kostar minst, og det vert etter måten lite å spara om ein går til eit trøngt førehandsutval. Og dessutan må ein hugse på at dette er tilfang av eit anna slag enn arkivmaterialet: det blir borte om ein ikkje bergar det. Her har stoffsamlinga sitt verd i seg sjølv. Ein får heller ta til sparekniven når ein kjem til utnyttinga og bare ta det beste med i bygdeboka.

2. Utarbeidingsa. For desse utgiftene er det avgjerande kor mykje ein vil nytta seg av spesialistbhjelpe~~s~~ og kva len ein vil eller må gi til spesialistane og dei av bygdefolket som skal vera med i utarbeidingsa.

3. rentinga, har ofte vore den største utgifta ved eit bygdebokverk fordi samlaren (-ane) og forfattaren (ane) har gjort arbeidet sitt svært billeg. Mange boknemnder har difor laft seg skremma til å gje bekene tunne eller gi dei eit ringt utstyr, og har dermed fått ei dårlig salgsvarer. Ved samkjering mellom fleire bygder ~~xa~~ om delvis sams bør med einsutstyr vert utgiftene relativt mindre. Det er elles

ingen grunn til å budsjettera med prentingskostnaden den
dagen bygdebokarbeidet tar til. For det første kan det vrita
lettare å få relativt mykje til prentinga seinare når ein
står med eit godt manuskript i handa; difor bør ein den første tida leggja hovudvekta på det. For det andre kan prisar og løner ha stige eller falle medan boka er under utarbeiding, og heile kalkylen vert då illusorisk.

Det er elles mange ting som verkar inn på prentings-utgifteno. Det ligg stor vekt på valet av format, dvs. storleiken av sidene. Formatet får neslēg verknad på valet av papir og satstyper. ~~Først~~^{Det gale} papir er ikkje bare dyrare enn ~~det~~ dårleg, det set og større krav til satsen, prentinga og klinicfaramstellinga. Satstypen må og vera i samsvar med det formatet ein har valt; det høver ikkje med store typer til oktev eller små til kvaft. - Person nemnda ber om pristilbod frå fleire prenteverk, må ho syta for at ho samstundes får med prøve av papir, format og sats, slik at ho veit kva pengane skal gå til. Det er nok så at same prenteverk er dyrare enn andre, men den store skilnaden i pristilboda er ofte at dei ikkje bygger på same format, papir og satstype.

Distribusjon.

Person bygdeboknemnda kan få eit forlag til å ta på seg utgjevinga av boka, vil dette syte for både prenting og distribusjon. Forlaget måtte då få økonomiske garantiar.

H Soart Fieldan

Forlaget vil likevel ikke ta på seg ei slik oppgåve. Det kan derimot vera von om å få eit forlag til å ta boka i kommisjon, dvs. at det mot ei viss godtgjersle tar på seg å senda boka til bokhandlarane og drive reklame for henne. Det høver best om det prentesverket som prentar boka, og ~~at~~ ^{ei} driv forlagverksend. ~~men det er ikke noko~~ Foresetnaden for kommisjonsskipnaden er at boka vert selt av bokhandlar, men det er høve til å favorisera visse grupper av kjøparar,

dvs. ein kan selja boka for lågare pris enn bokhandlar-prisen til bygdefolkk og andre som ein gjerne vil skal eiga boka. Til vanleg vil ikkje bokhandlarane te slikt salg; det må difor vera bygdeboknemnda, kommunen, banken eller liknande institusjonar som står for det. - Det vanlegaste torer likevel vera at utgjevaren sjølv står for heile salet på same måte som ved favarsal.

Ei bygdebok bør ikkje vert gitt ut på forretningsbasis. Ein står difor relativt fritt når ein skal fastsetja prisen. Den bør ikkje vera sterre enn at alle som vil ha boka, kan sjå seg råd med å kjøpa henne. Det kan då ~~verken~~ vera rimelig å faststeja ein pris som for heile opplaget dekkjer prentingsutgiftene. Ved favarsal eller dersom utgjevaren sel boka sjølv, vert prisen då prentingskostna~~den~~ + omsetningseskatt. Ved bokhandelsal vert boka ved slikt prisgrunnlag omlag dobbelt så dyr.

Dersom utgjevaren sel boka ~~verken~~ sjølv, kan pengane som kjem inn, setjast ~~av~~ som fond for eit eller anna godt formål.

MD Utgjevaren bør syta for at boka vert kjend også utanfor bygda. Alle prenteverk har lovfest plikt på seg til å senda 1 eksemplar av alt dei prentar til Universitetsbiblioteket i Oslo. ~~utan tilbakeføring~~ Dette vert ikkje alltid gjort, og bygdeboknemnda må då syta for at prenteverket ~~hjer det som det er pliktig til~~. Sumtid vert det sendt 2 eksemplar.

*1 isimah gir
